

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjøm, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 17/3554-1

## Skriv og melding fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne 24. april 2017

### Tilråding til vedtak:

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande
2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak

### Vedlegg:

Fråsegn om TEK 17 frå Hordaland fylkeskommune  
Invitasjon til å søke om tilskot  
Resolusjon frå FFO Sogn og Fjordane

### Meldesak 1) Fråsegn frå utval for kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland til framlegg om ny byggeteknisk forskrift TEK 17

1. *Hordaland fylkeskommune er i hovudsak positiv til at byggeteknisk forskrift (TEK 17) vert forenkla, særleg utifrå målet om billegare bustader*
2. *Det er både eit nasjonalt og eit regionalt mål å utjamne sosiale helseskilnader. Hordaland fylkeskommune meiner lempingar i forskrifta særleg knytt til dei minste bustadane, kan bidra til utilsikta verknader som auka sosiale helseskilnader*
3. *Universell utforming av samfunnet er eit viktig bidrag for å inkludere fleire på ein likeverdig måte. Målet om lemping av krava til tilgjenge kan slå negativt ut for befolkningsgrupper som har størst trong for bustader med funksjonalitet og kvalitet*
4. *Hordaland fylkeskommune vil fraråde å lempe på krava til tilgjenge og funksjonalitet i mindre bustader. Ein tilgjengeleg og funksjonell bustad er ikkje berre for den/dei som bur der, men også for dei som er på besøk der. Behovet for utsikt og storleik på balkong og toalett må ivaretakast.*

### Meldesak 2) Brev til fylkeskommunar v/samferdslesjef

Det er sendt ut brev til alle landets fylkeskommunar om invitasjon frå Bufdir, til å søke om tilskot for nettverksdeltaking – universell utforming i regional og lokal kollektivtransport

### Meldesak 3) Kartlegging av tilgjenge i fire skianlegg i Sogn og Fjordane

Fylkeskommunen skal no undersøkje kor tilgjengelege skianlegga i Luster, Sogndal, på Eid og Jølster er for personar med nedsett funksjonsevne. Sogn og Fjordane fylkeskommune har fått pengar frå Kartverket for å gjennomføre denne kartlegginga. Bakgrunnen for arbeidet er visjonen i den regionale planen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv – nemleg fysisk aktivitet for alle.

Meir informasjon om kartlegginga finn de på heimesida til fylkeskommunen:  
<http://www.sfj.no/kartlegg-tilgjenge-i-fire-skianlegg.5974713-337387.html>

Meldesak 4) Resolusjon frå FFO Sogn og Fjordane – Tilrettelagt transport må styrkjast

*FFO Sogn og Fjordane ber fylkeskommunen og kommunane sørgja for at funksjonshemma og eldre ikkje blir dei skadelidande som følgje av dei nemnde endringane. FFO ber også kommunane trekkja med seg råd for funksjonshemma og eldreåd i arbeidet med å planleggja og dimensjonera TT-tilbodet.*

Fullstendig versjon av resolusjonen er vedlagt.

Meldesak 5) Ymse